

BØN FOR UNGDOM

Som blåfrosne dogg i ei solrenningsstund
kjem lengtande ungdom til Deg —
Or nattkalde myrker. Or dødsfårleg blund —
Frå mislukka fortid. Frå plan som gjekk sund —
og freisting på undergangs veg —:

Dei kjem mot di skimrande solovring, Gud!
Å — møt dei med kjærleiken din!
Du eine kan berga frå fall og frå flud —
Å — sveip dei i Frelsarens snøkvite skrud.
Og slepp dei i Ljos-riket inn!

Kor lysande stor-fagert doggdropar skin
når solstrålar glittrar i deim — —
Men fagrare enno, er ungdomen din
som — reinsa ved blod — i ditt rike stig inn
or verdi sin dårande sveim —!

Me bed at Du varmhjarta tek dei i famn
og opnar din nåderiksport!
Og fører i livsboki inn deira namn,
når no dei seg snur mot din bergande hamn.
Du aldri hev nokon vist bort!

Johs. M. Rydland.